



Verksemdsleiar Tormod Fossheim (lengst til venstre) orienterer forvaltningskomiteen om Rabben og Øyro, som ein kan sjå på skjermen..  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Leiar av forvaltningskomiteen Einar Saghaug (IP) tok saka på sparket slik at komiteen onsdag oppheva byggjeforbodet for Rabben Feriesenter og Øyro Marina og Camping.**

Verksemdsleiar Tormod Fossheim kunne ikkje på rådmannens vegne leggja fram saka til avgjerd over bordet, men det gjorde i staden Saghaug på vegne av Innbyggjarpartiet. Dei sju medlemene som var til stades slutta seg alle til eit forslag frå formannskapsmedlem Torfinn Myklebust, der det også heiter at arbeidet med reguleringsplan held fram. Myklebust tok opp saka under siste møte i formannskapet og fekk då positive signal frå Fossheim.

I ei skriftleg orientering som Myklebust hadde sendt komiteen streka han under at byggjeforbodet i realiteten var meint som eit pressmiddel overfor partane. Hvis kommunen no opphev det og ikkje ventar vil partane kunne førebu årets turistsesong utan yttregare forseinking. Myklebust kjente til at det er visse planar hos partane som det krev tid å få realisert. Han viste også til at komiteen gjennom treteltvedtaka allereie har oppheva byggjeforbodet og at det dessutan må opphevast ved leggjing av ny kommunal kloakkleidning på Rabben. Myklebust streka under at ei oppheving vil tena turismen i Uskedalen og Kvinnherad.

Då leiaren tok opp saka, var Øyvind Hardeland (Ap) negativ til å ta ho på sparket og ba om at ho vart utsett til neste møte. Saghaug refererte orienteringa frå Myklebust og spurte Saghaug om rådmannen syntes det var OK at saka vart teke opp i dag.

-Hvis vi skal venta med handsaminga ein heil månad, vil hensikten vera heilt bortkasta, meinte han. Og han la til: - Byggjeforbodet var eit ris bak spegelen og no er partane godt på tur med saka.

Fossheim redegjorde for handsaminga av reguleringsplanen og varsla på ny at kommunen vil halda fast ved den noverande plassering av dei omstridte campingvognane. Han antyda at saka kan hamna i departementet til endeleg avgjerd.

Endre Blokhus (Frp) ville veta kor Uskedalen vil få ny gravplass og Fossheim svarta at det i alle fall ikkje kan tas inn i den nye reguleringsplanen. Om partane i saka sa han at dei no samarbeider og viser god vilje.

Byggjeforbodet var godt å ha for å få dei til å samarbeida, men no trengs det ikkje lenger.

Øyvind Hardeland: - Hvis ein føler at hensikten er oppnådd med byggjeforbodet skal heller ikkje vi gå i mot ei oppheving. Men det må vera ein føresetnad at partane held fram med dialogen.

Av Ola Matti Mathisen